

Det møtte elleve (11) personar på årsmøtet.

**1. Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

**2. Ulike val til årsmøtet**

- a) Val av møteleiar: Solveig Marie Ådneram
- b) Val av referent: Åse-Berit Fidjeland
- c) Val av eit medlem som saman med møteleiar skal underteikna protokollen: Gro Nilsen

**3. Handsaming og godkjenning av årsmelding**

Sekretæren gjekk gjennom årsmeldinga, vedlegg 1, og årsmøtet godkjende ho med eit par merknader til kontingentpris og årstal. Feila vert retta direkte i årsmeldinga.

**4. Handsaming og godkjenning av rekneskap**

Støtta til fjorårets TV-aksjon til UNICEF var ikkje med i budsjettet i fjor, og det er grunnen til at det er ein manko på kr. 3732,74. Det vart heller ikkje søkt kommunen om støtte for 2018.

Rekneskapen vart godkjend av årsmøtet, vedlegg 2 og 3.

**5. Vedta budsjett for komande år**

Kasserar gjekk gjennom forslag til budsjett, og det vart diskutert om ein skulle rekna med same støtte frå Sirdal kommune som tidlegare eller redusera dette frå kr. 13 000 til kr. 8000. Ein kan ev. føra opp kr. 5000,00 meir i inntekt på basaren for å få eit overskot. Etter litt diskusjon, vart årsmøtet samde om at budsjettet vert som føreslått, og skulle budsjettet gå i null, er det OK, sidan me har kr 56 876,18 i banken pr. 30.09.18.

I søknaden til Sirdal kommune kan ein søkja om støtte til spesielle aktivitetar, m.a. for barn og unge. Ein kan òg søkja folkehelsa, tilskotsportalen (barn og unge med ufordringar) og NBK (tradisjonsmatskulen).

Budsjettet vart godkjent av årsmøtet, vedlegg 4.

**6. Innkomne saker**

I årsmøtet kom det opp ei sak om at lesesirkelen burde vera open for alle innbuarar sidan bygdekvinnelaget skal vera inkluderande. Det er fleire ting som er berre for medlemmer, som t.d. persesyntelaginga. Fleire på årsmøtet meinte at lesesirkelen burde vera open for alle, og at dei kanskje melde seg inn i bygdekvinnelaget etterpå, medan andre meinte at noko må vera eksklusivt, og at om ein vil vera med i lesesirkelen, så er det ein grunn for å bli medlem i laget. Det er andre møte som òg er reine medlemsmøte. Møteleiar avslutta saka med at dette er det opp til styret å avgjera.

**7. Forslag til aktivitetar i 2018/2019**

Me tar med oss idane frå Bjerkreim bygdekvinnelag og innspela etter gruppearbeidet på samlinga i førekant av årsmøtet, der det møtte 17 personar, medrekna tre bygdekvinner frå BBK som fortalde om sitt arbeid og aktivitetar, vedlegg 5 og 6.

Forslag som kom fram i årsmøtet:

- juledekorasjon (Karin Tove Netland)
- peparkakebygda i samarbeid med biblioteket
- turar; - bli kjend i bygda - til fots som "seks i krysset" i Kvinesdal og med buss
  - møtast med BBK, t.d. på Kvinen og Kvitlen turisthytter
  - jenteturar i inn- og utland
- slaktekurs saman med Bondelaget
- besøk av Sosan Asgari Mollestad (inkludering)
- besøk av Ellen Marie Tesaker (reparasjon av klede)
- bakekveldar/tradisjonsmat (Sofiekaker?)
- "Da damene dro" i samarbeid m/Sølvi
- halda fram med basar, ev. i samarbeid med andre, t.d. Sirdal skilag
- julelotteri, jf. Kvinesdal sitt dekkja bord eller soverom

## 8. Val av nytt styre

Forslaget frå valkomiteen vart godkjent ved akklamasjon, vedlegg 7, og nytt styre er:

Åse-Berit Fidjeland:	Eit år att
Anita Haugen:	Eit år att
Tone Kvinen:	Eit år att
Helin Morel:	Nyval (to år)
Solveig Marie Ådneram:	Attval (to år)
Siri Fidjeland:	1. vara - nyval (eit år)
Eva Marianne Tennfjord:	2. vara - attval (eit år)

Revisor: Anne Mette Hovland - attval (eit år)


Valkomité - dei som går ut av styret, er neste års valkomité:

Karine Tjørhom Myhra  
May Britt Ousdal

Leiar Solveig Marie Ådneram takka May Britt Ousdal for styrearbeidet med overrekking av skjerefjøl og spekepølse av boargeit, og Karine Tjørhom Myhra får det same ved eit seinare høve.

04.11.18, Åse-Berit Fidjeland (referent)

  
Solveig Marie Ådneram

  
Gro Nilsen